



Alver kommune v/Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: e31fcc1e-3975-422e-acc9-
b752e90d17f8

Vår: 23/4862 - 23/49548

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

21.06.2023

Uttale søknad om dispensasjon avkøyrslø - Gbnr 127/144 Mongstad

Tiltak: Søknad om dispensasjon frå regulert avkøyrslø
Byggjestad: Gbnr: 127/144
Tiltakshavar: Imr 131 As
Ansvarleg søkjar: H2 Miljø As

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå regulert avkøyrslø. Ny avkøyrslø følgjar ikkje plankartet.

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Mongstad industriområde, planid: 1263-20062002er definert som industri .

Uttale:

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til førespurnad om uttale på søknad om dispensasjon frå regulert avkøyrslø. Avkøyrslø ein ynskjer å etablere følgjer ikkje plankartet.

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har vurdert saka, og finn det forsvarleg å gje dispensasjon frå reguleringsplan for etablering av avkøyrslø på vilkår.

Vilkår:

- Avkøyrslø skal være etablert slik at den ikkje leiar vatn inn i primær vegen. Da avkøyrslø skal være dimensjonert for lastebil og vogntog. Avkøyrslø skal på dei to første metrane ha eit fall frå primærveg på 3 %. På dei neste metrane skal avkøyrslø, i ei avstand lik lengda til dimensjonerande køyretøy, skal avkøyringsveg ha ei maks stigning/fall på 3%. Etter dette kan avkøyringsveg ha ei maks stigning på 1:8.
- Det vert søkt om avkøyrslø med svingradius $R = 9$ meter. For avkøyrslø med $\text{ÅDT} > 50$, eller med stor andel lastebilar og vogntog, og ÅDT på primær vegen < 2000 , skal hjørneavrunding utførast som ei enkel sirkelkurve med radius $R = 9\text{m}$. Avkøyrslø skal være etablert vinkelrett på primærveg.
- Avkøyrslø frå Veg 2 skal være plassert som vist på Avkjørselsplan_102743_PROvei2-Plan. Siktsoner skal etablerast som vist på planen. I siktsoner skal ein ikkje ha sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over primær vegen sitt nivå. Dette gjeld alle typar sikthindringar, inklusiv skråningar mot veg.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

- Under avkøyrsla skal det leggjast ned dreneringsrøyr med ei indre diameter på minimum 300 mm. Dreneringsrøyr skal leggjast slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røret. Langs veg 2 skal det være grøfte som sikrar dreneringa langs vegen.
- Det skal etablerast snu areal på eigen grunn slik at ein unngår rygging ut i og inn i frå Veg 2. Snu areal skal ikkje nyttast til parkering eller hensetting av anna utstyr. Det skal, til ein kvar tid, være mogleg for køyretøy å snu inne på eigedomen.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Torkjell Holm Brenna
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune v/Plan og byggesak Postboks 4

5906

FREKHAUG